

**Fra:** aud karin oen (audkarino@hotmail.com)

**Sendt:** 06.06.2018 10:23:38

**Til:** Folkevalde

**Kopi:**

**Emne:** .Spørsmål til fylkesordføraren tingsete 12., 13. Juni.

**Vedlegg:**

**.Spørsmål til fylkesordføraren tingsete 12., 13. Juni.**

Éin av tre tannlegar varsla ikkje barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt

Tannhelsepersonell på Vestlandet og Midt-Norge sender færrast bekymringsmeldingar til barnevernet. Det viser ein ny studie.

Forskar Ingfrid Vaksdal Brattabø har spurt 1200 tannlegar og tannpleiarar i Norge om meldeplikta dei har til barnevernet.

Dei er nemleg pliktige å kontakte barnevernet dersom dei mistenkjer at barnet blir utsett for overgrep eller alvorleg omsorgssvikt.

Av dei 1200 svara 33 prosent at dei ikkje melde frå til barnevernet, trass mistanke om alvorleg omsorgssvikt. 60 prosent svara at dei hadde varsla barnevernet éin eller fleire gonger.

Tannlegar har ein posisjon som kan avdekkje overgrep og omsorgssvikt hos barn, fordi dei har moglegheit til å undersøkje barnet på måtar som ikkje andre vaksenpersonar gjer. Det er viktig at ein vågar å sjå og stå opp for dei mest sårbare av oss, nemleg utsette barn.

Ifølgje Brattabø er det tannlegar og tannpleiarar på Vestlandet og i Midt-Norge som sender færrast varsel.

Det er urovekkjande og eg spør fylkesordføraren:

Kor mange meldingar har Hordaland samanlikna med andre fylke?

Er det skilnad som ein kan sjå mellom einskilde tannhelsedistrikt?

Kva fokus og opplæring er det på dette området?

Om dette taler er lågt/lågare enn det ein ser i andre fylke, kva tiltak kan ein setje i verk?

Éin av tre tannlegar varsla ikkje barnevernet ved mistanke om omsorgssvikt

Beste helsing

Aud Karin Oen